

OPPFØLGING ETTER KURS I AGROS APRIL 2019

JURIDISK

- Er endringar av arbeidsfrister enkeltvedtak jf. forvaltningslova?
I sakshandsamingssystemet Agros for SMIL- og dreneringssaker vert endring av arbeidsfristar klassifiserte som enkeltvedtak. Etter vår forståing er ikkje fristendringar enkeltvedtak (og kan då også IKKJE påklagast), og difor meiner vi at det er misvisande at det står «vedtak» i brevet der det blir informert om fristendringa. Dersom fristendringar faktisk er enkeltvedtak bør det vel gjevast klageadgang på desse vedtaka?
Svar: Ja, dette er enkeltvedtak og det bør formelt gjevast klagerett, sjølv om dette oftast vert formalia
- Er kopien av det automatisk genererte brevet frå Altinn godt nok som tilbakemelding til søkjar t.d. ved utsetjing av arbeidsfrist, eller må kommunen sende eit eige brev der det vert gjeve klageadgang, jf. at dette er eit enkeltvedtak?
Svar: Brevet som går ut innhald ikkje maltekst. Kommunen kan såleis legge inn tekst om klagerett i brevet
- Etter at søknaden er sendt får søkjar kopi av søknaden sin som stadfesting. Før har kommunen sendt ut ei kort stadfesting om motteken søknad (etter forvaltningslova har kommunen 3 veker på seg på å gjere dette). Vik kommune har etter innføring av Agros skrive av sakene i arkivsystemet, med kommentar om at søkjar har fått stadfesting via AGROS. Er dette ok med omsyn til kravet i forvaltningslova?
Svar: Ja, brevet som går ut frå Agros er tilstrekkeleg jf. forvaltningslova

TEKNISK

- Fungerer Agros både i Chrome og Internet Explorer (IE)? Erfaring om at det har blitt vanskelegare i det siste med IE

Svar frå L.dir: Det er vi ikke kjent med. Send oss eventuelt konkret beskrivelse av problemet som oppstår.

SAKSHANDSAMING

- Kan sakshandsamar endre utfylt info om søknaden? Det er behov for dette, men ser ut til at det ikkje er mogleg til dømes for SMIL; om det er planleggingstiltak eller ikkje og om det er enkelttiltak eller fellestiltak. Må kommunen legge inn saka på ny dersom det er informasjon i søknaden som er feil, og som ikkje er mogleg å endre? Jmf statistikk.

Svar frå L.dir: Når saksbehandlar har trykka Behandle sak kan nesten alt endres. Helt presist endrer man en kopi av søknaden - man kan se søkers opprinnelige verdier ved å velge søknaden i velgeboksene øverst til høyre. Det er saksbehandlers verdier som benyttes i statistikk.

- Dersom kommunen endrar kontonummer i Landbruksregisteret, vil kontonummer for søknaden då bli endra? Kommune har erfart at dette i nokre tilfelle har fungert, men var usikker på om det var for SMIL-/dreneringstilskot eller andre ordningar.

Svar frå L.dir: Ja, Agros bruker kontonummer som til enhver tid ligger i Landbruksregisteret.

- Fleire kommunar har erfart at det ikkje fungerer med kopling til kontonummer for SMIL-søknad frå føretak (registrert på org.nr), men der føretaket ikkje har kopling til landbruksdrift.

Svar frå L.dir: Jo det fungerer! Mange overførte SMIL-saker ligger imidlertid registrert på privatpersonens fødselsnummer. Da hjelper det ikke at det ligger kontonummer på orgnummeret.

- Saman med løyvingsvedtak; er det mogleg for kommunen å leggje ved mal for rapportering (som dei har brukt fram til no)?

Svar frå L.dir: Nei. Men hvis dere ønsker dette anbefaler vi at det gjeres ved hjelp av en lenke til dokumenter på kommunens nettsted. Da er det også mulig å endre slik at lenka etterhvert peker på innsending av rapport via Agros, for det skal komme i løpet av året. Denne løsningen er anbefalt og i bruk av andre kommuner.

- Vi har forstått det slik at det berre er nye vedtak (til dømes utsett arbeidsfrist) som vil krevje full utfylling av alle informasjonspunkt for saker som er overført frå Saturn. Er dette rett? Nokre kommunar har opplevd at dei må fylle ut mykje tilleggsinformasjon sjølv om dei berre skal utbetale ein gamal sak. Kva kan evt dette gjelde?

Svar frå L.dir: Man behøver ikke å fylle ut tilleggsinformasjon ved utbetaling. Det er kun når man fatter nytt vedtak.

- Ønskje om at sakshandsamar får varsel per mail når det er sak til godkjenning. Dette fungerte ikkje med saker sendt til godkjenning 10.-12. april.

Svar frå L.dir: Antar dere mener at Godkjenner skal har varsel? Si fra hvis det er noen godkjenner som skal ha varsel som ikke får det.

KOMMUNIKASJON UT

- Vil alle vedlegg som sakshandsamar legg inn i saka bli sendt til kommunen via Svar UT / Svar Inn? Det kan gjerne bli for mange brev inn i tilfelle? Og dersom dei skal kunne brukast direkte, til dømes ved politisk handsaming av sak er det viktig at dei kjem med påskrevet namn, jmf slike utfordringar i nytt sakshandsamingssystem for produksjonstilskot.

Svar frå L.dir: Vedlegg som saksbehandler legger inn i saken blir ikke sendt til SvarUt.

- På brev inn til kommunen sitt arkiv frå Agros står landbruksdirektoratet som avsendar. Dette inneber kanskje at kommunen sjølv bør endre namn på avsendar til søkjaren sitt namn for å få sikrere treff på søk mm...?! Bør kommunen tilsvarende endre namn på avsendar av vedtak frå landbruksdirektoratet til Fylkesmannen? Er det mogleg å få saka inn til kommunen med rette avsendar av brev?

Svar frå L.dir: Det er p.t. dessverre ikke mulig på grunn av begrensninger i arkivleverandørens SvarInn-løsninger.

- Utbetalingsinfo til bank: Det er erfaring om at rekneskapskontor ikkje kan sjå kva utbetalinga gjeld utan å få kopi av utbetalingsbrev. Det er ønskje om at kort utbetalingsinformasjon kjem fram også i samband med innbetaling på bank.

Svar frå L.dir: Vi har vært klar over problemet, og det er begrenset plass tilgjengelig for slik info. Vi sender nå med «navn på kontaktperson», fordi vi vurderte at dette var best egnet til å spore opp hva saken gjelder, der det er tvil.

Annan info til kommunane

- Dreneringstilskot: Det er ikkje lenger minstebeløp til utbetaling. Dette blei fjerna frå forskrifta 19.12.2018: <https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2018-12-19-2164> og med verknad frå 1.1.2019
- Det er ønskjeleg med informasjon om dekke over gjødsellager på FM si heimeside, inkludert informasjon om kostnad til dekke over eksisterande gjødsellager
Svar: Dette er under utarbeiding
- Ved utfylling av søknad er det oversikt over ulike tiltakskategoriar. Vi kan ikkje finne igjen denne oversikta på nettsidene til landbruksdirektoratet? Meiner å ha sett den der tidlegare.
Svar: Oversikta ligg her: <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/miljo-og-okologisk/spesielle-miljotiltak/hvordan-soke/smil-i-agros--72815#kulturlandskap> og ligg i tillegg inne i søknaden i Agros under *Tiltakskategori*
- Behov for funksjon som viser kva kommunen godkjenner som tilskotsgrunnlag og dermed kor stor prosent av dette det løyvde tilskotet utgjer. Situasjonar der dette vil vere viktig:
 - Vurdering i høve til at det for kulturlandskaps- og forureiningstiltak i SMIL kan bli gitt eingongstilskot inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag
 - Mange kommunar har i SMIL-strategiane retningsliner for kor stor prosentandel tilskotet kan utgjere av godkjente kostnader for den delen av arbeidet det skal bli gitt tilskot til. Dette er òg viktig informasjon i høve til kommunane sine vurderingar av kor mykje tilskotet har utløyysande effekt for tiltak.
 - Viktig informasjon for Fylkesmannen ved vurdering av behov for tilskot i ulike kommunar. Det det blir gitt lite tilskot i høve til godkjente kostnadsoverslag kan behov for tilskotsramme vere større enn der det blir gitt mykje tilskot i høve til godkjent kostnadsoverslag for tilsvarende saker.

Svar: Utfyllingsfeltet *Forutsatt total kostnad* har denne funksjonen i Agros. Her kan kommunen fylle inn kva total kostnad eit prosjekt må ha for å få utløyst det løyvde tilskotet. Dersom totalkostnaden viser seg å bli mindre etter gjennomføring kan kommunen redusere utbetalinga tilsvarande i prosent. *Forutsatt kostnad* kjem ut på exel-lista ved eksportering av søket *Vedtak sendt* under *Status sak*, og kan såleis nyttast til statistikk av Fylkesmannen.

- Dersom ny brukar på garden skal overta eit prosjekt; er det mogleg å endre namn/org.nr i Agros, eller må kommunen trekkje inn og løyve på ny (kan bli problematisk dersom prosjektet er påbegynt)?

Svar: Det er ikkje mogleg. Normalt kan slike saker løysast ved at saksbehandlar avslutter saka (og restmidlar vert inndregne), og så løyvert tilskot i ei ny sak på den «riktige» søkjaren. Sjå meir her: <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/om-landbruksdirektoratet/utviklingsprosjekter/agros/dokumentasjon#ofte-stilte-spoersmaal->

- Kor kan ein sjå kommunen si resterande ramme ?

Svar: Ny funksjon i Agros frå 12. april: *Se ramme/ansvar* gir enkel oversikt over tildelt sum, overført frå tidlegare år, tildelte midlar ila året, inndregne midlar m.v.

- Dreneringstilskot: kvifor er det absolutt krav til at tiltaket ikkje er påbegynt? Jmf praktiske utfordringar, til dømes også dersom ein har fått løyving, men det har vore for vått i lengre tid slik at mykje av arbeidet er påbegynt men ikkje har vore mogleg å slutføre når fristen på 3 år går ut. For alt som er påbegynt vil det da verken vere mogleg å utbetale eller mogleg å søkje om ny løyving. Søkjaren «kjem i klemme» dersom det er langvarig vanskelege tilhøve for drenering. Realistisk situasjon på jord med dårleg bereevne i område med mykje nedbør.

Svar: I Rundskriv 2018-57, s. 4, heiter det at det ikkje kan gjevast tilskot til tiltak som er påbegynt før kommunen har løyvd tilskot, fordi desse tiltaka ikkje er blitt vurderte opp mot vilkåra i forskrifta

- Korleis bør kommunen handtere nye moglegheiter i rundskriv / etter jordbruksforhandlingar, når desse temaa ikkje er omtalt i kommunal strategi.

Svar: Bør vise til gjeldande lovverk og rundskriv framfor å gjenta konkrete føringar frå regelverket jf. Stryn som kan nytte sin strategi til å prioritere gjødsellager i 2019

- Lenke til presentasjon på nettsida

Svar: Presentasjonen er lagt ut på undersida *Dokument for kommunane* <https://www.fylkesmannen.no/nn/vestland/landbruk-og-mat/skjult-side---landbruk/dokument-for-kommunane/>

- Kan søkjar endre på søknaden etter at den er sendt?

Svar: Nei

- Er det riktig forstått at alle sakshandsamarar i ein kommunen får alle sakene til sin arbeidsbenk, slik at alle ser dei same sakene før dei er teke til handsaming? Eller er det evt. mogleg at alt kjem til berre èin person, som deretter fordeler vidare?

Svar: Nå funksjon med at sakshandsamar kan legge tilbake sak, jmf Leveranse 12. april:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/om-landbruksdirektoratet/utviklingsprosjekter/agros/leveranser#leveranse-4-2---12-april-2019>

- Er det riktig at ein sakshandsamar ikkje «tek ein felles sak» berre ved å klikke inn på den for å sjå, men at ein må klikke «Behandle sak» for å ha tatt saken frå andre sin arbeidsbenk? Kommunane hadde ulike erfaringar / forvirring omkring dette.

Svar: Nei, ikkje rett